



Møteprotokoll

Utval: Setesdal interkommunalt politisk råd - styre

Møtestad: Kommunestyresalen, Bygland kommune

Dato: 05.02.2025

Tid: 10:00 - 15:30

Setesdalssamarbeid

Bygland, Evje og Hornnes,
Valle, Bykle og Åseral

Faste medlem som møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hans Blattmann	Leiar	BYKLE KOMMUNE
Vigdis Beisland	Medlem	BYGLAND KOMMUNE
Morten Haraldstad	Medlem	EVJE OG HORNNES KOMMUNE
Inger Lise Lund Stulien	Nestleiar	ÅSERAL KOMMUNE
Jan Stangvik	Medlem	ÅSERAL KOMMUNE
Runar Flåt Granheim	Medlem	BYGLAND KOMMUNE
Anne Merethe Hjemdal	Medlem	BYKLE KOMMUNE
Lars Tarald Myrum	Medlem	VALLE KOMMUNE
Grethe Nygård	Medlem	EVJE OG HORNNES KOMMUNE

Varamedlem som møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Margit Dale	Kristin Nomeland	VALLE KOMMUNE

Andre som møte:

Namn	Stilling
Gunn Marith Homme	utvalssekretær
Rita Hansen	Dagleg leiar
Aslak Jørundland Brekke	Kst. Kommunedirektør Bygland kommune
Jorunn Elisabeth G Lossius	Fylkesvaraordførar
Kåre Einar Larsen	Kommunedirektør Åseral kommune

Hans Blattmann
Leiar

Gunn Marith Homme
politisk sekretariat

Saksnummer	Innhald
PS 1/25	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/25	Val av representantar til godkjenning av møteprotokoll
PS 3/25	Styreleiar orienterar
PS 4/25	Dagleg leiar orienterar
PS 5/25	Leiar kommunedirektørutvalet orienterar
PS 6/25	Fylkeskommunen orienterar
PS 7/25	Referatsaker
RS 1/25	Innspel til langsiktig plan - distriktsvennlige og fleksible utdanningar
RS 2/25	Vedr. 25-05337-4 - Svar på søknad om delfinansiering av utredning om kulturarv i Setesdal
RS 3/25	Kort oppsummering - Setesdal næringsforum 101224
RS 4/25	Referat ordførarutval Setesdal IPR 130125
RS 5/25	Referat m/vedlegg arbeidsutval Setesdal IPR 130125
RS 6/25	Referat frå ordførarutvalet 02.12.2024
RS 7/25	Referat frå arbeidsutvalet 02.12.2024
PS 8/25	Delegerte saker
DS 1/25	Svar på søknad om støtte til konseptutvikling - ESSO Valle
PS 9/25	Drøfting/orienteringssaker
DR 1/25	Vedr. 21-21334-11 - Invitasjon til å delta i Jernbanepattform Agder
DR 2/25	Studietur for styret 2025 - drøfting
PS 10/25	Orientering ymse repr / utval
PS 11/25	Førespurnader
PS 12/25	Svar på søknad om tilskot - Bleka som global merkevare v/Fyri Fish AS
PS 13/25	Svar på søknad om tilskot til utvikling av Rescue3 Norge
PS 14/25	Søknad om tilskot til produksjon av "Setesdal, den levande arven" del 2

PS 15/25	Svar på søknad om støtte til innleigd mediekompetanse - SKI-NM
PS 16/25	Svar på søknad om tilskott til kjøp av statuen av Bjørgulv og stuten
PS 17/25	Oppfølging av sluttrapport - gjennomgang av strategi

PS 1/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Setesdal interkommunalt politisk råd - styre - 05.02.2025

Ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Orienteringar:

- Av-og-til ved Gro Berit Straum og Marte Sletten. Signering av nye avtaler med Setesdalskommunane.
- Glitre nett ved administrerende direktør Tore Morten Wetterhus og seniorrådgjevar samfunnskontakt Astrid Margrethe Hilde
- Invest in Agder/Agder fylkeskommune ved Geir Hammersmark
 - Regionalt samarbeid mellom Agder og Rogaland om rekruttering av arbeidskraft – southwestnorway.com
 - Erfaringsdeling - investeringskriterier for utenlandske bedriftsetableringer

PS 2/25 Val av representantar til godkjenning av møteprotokoll

Saksprotokoll i Setesdal interkommunalt politisk råd - styre - 05.02.2025

Lars Tarald Myrum og Inger Lise Lund Stulien vart samrøystes valde til å godkjenne protokollen.

PS 3/25 Styreleiar orienterar

Saksprotokoll i Setesdal interkommunalt politisk råd - styre - 05.02.2025

Konsesjonskraftavtalen med fylkeskommunen er snart ferdig forhandla.

PS 4/25 Dagleg leiar orienterar

Saksprotokoll i Setesdal interkommunalt politisk råd - styre - 05.02.2025

- Vert jobba med å etablere eit nasjonalt nettverk for administrative leiarar i regionråd.
- Samling om besøksforvaltning i Setesdal 9/12. Setesdal IPR og Agder fylkeskommune inviterer kommunane i Setesdal og styret i Visit Setesdal AS til ei felles samling om besøksforvaltning.

Frå handlingsplanen:

- Marknadsføre og utvikle Setesdalsregionen som reiselivsdestinasjon

Rådet har ein breiare rolle enn bare Visit Setesdal og dagleg leiar er meir «på» enn bare styreleiar i Visit Setesdal.

- Vidareutvikling av Setesdalsregionen som ein kompetanseregion

Langtidsplan Uia

Driv Agder

UN Global Compact Agder sitt kompetanseprogram bærekraft for næringslivet

Rekrutteringsmesser osv

- Utvikle attraktive og livskraftige bygder

Større tiltak som Fv42, kollektivtilbodet mm kjem som eigne saker

Nytt møte med ungdomsråda i Setesdal til hausten

Forprosjekt Trainee Setesdal er starta

- <https://southwestnorway.com/setesdal-region>

PS 5/25 Leiar kommunedirektørutvalet orienterar

Saksprotokoll i Setesdal interkommunalt politisk råd - styre - 05.02.2025

Kommunedirektørutvalet informerte om følgjande saker:

- Har starta arbeidet med interkommunalt samarbeid jf. oppdrag fra arbeidsutvalet i SIPR
- Eigarskapsoppfølging generelt i regionen
- Innspel til eigarstrategien Å Energi
- Prosjektet om å forebygge utanforskap blant unge blir handsama i kommunedirektørutvalet i neste møte
- Partnerskapsmøte i Helsefellesskapet 27. mars. Det kjem invitasjon til ordførar + ein politiskar, samt kommunedirektør
- Regionalt samhandlingsutval (RS) i Helsefellesskapet har fått utvida ansvar for prosjektleiing og oppfølging, og det vil vere naturleg at RS Setesdal møter i SIPR med jamne mellomrom for å orientere om status og pågåande prosessar i vår region.

PS 6/25 Fylkeskommunen orienterar

Saksprotokoll i Setesdal interkommunalt politisk råd - styre - 05.02.2025

Fylkesvaraordførar Jorunn Lossius:

- Konesjonskraftavtalen snart ferdig forhandla.
- Budsjett 2025 med prioriterte område som samferdsle, frivilligheit og elevar.

Minner om at kommunane kan søkje fylkeskommunen om tilskot til sommarjobb for ungdom.

PS 7/25 Referatsaker

Saksprotokoll i Setesdal interkommunalt politisk råd - styre - 05.02.2025

Referatsakene vart tekne til orientering.

PS 8/25 Delegerte saker

Saksprotokoll i Setesdal interkommunalt politisk råd - styre - 05.02.2025

Delegert sak vart teke til orientering.

PS 9/25 Drøfting/orienteringssaker

Saksprotokoll i Setesdal interkommunalt politisk råd - styre - 05.02.2025

1/25 Invitasjon til å delta i jernbanepattform Agder.

Styret meiner at regionrådet bør delta i dette forumet. Inger Lise Lund Stulien vert samrøystes vald til rådet sin representant.

2/25 Studietur for styret

Styret ber dagleg leiar planelegge studietur til Hallingdal.

PS 10/25 Orientering ymse repr / utval

Saksprotokoll i Setesdal interkommunalt politisk råd - styre - 05.02.2025

Ingen orientering.

PS 11/25 Førespurnader

Saksprotokoll i Setesdal interkommunalt politisk råd - styre - 05.02.2025

Margit Dale:

Viser til tidlegare førespurnad om å nytte namnet Regionrådet i staden for SIPR. Det skulle gjerast ei utgreiing og leggjast fram som sak til styret. Kva er status på dette?

Dagleg leiar:

Det kjem sak på neste møte.

PS 12/25 Svar på søknad om tilskot - Bleka som global merkevare v/Fyri Fish AS

Dagleg leiar tilrår:

1. Styret i Setesdal IPR løyver inntil kr 750 000,- til Fyri Fish AS til prosjektet «Bleka som global merkevare».
2. Løyvinga blir ytt frå regionalt næringsfond med kr 253 615,- frå fond RNF (2024) 55608112 og kr 496 385,- frå regionalt næringsfond, ansvar 20007, pro 80000. Fondet består av rådets egne midlar og rammeløyving frå Agder fylkeskommune.
3. Løyvinga blir gitt med atterhald om at alle nødvendige løyve og godkjenningar blir gjevne.
4. Utbetaling skjer etter anmodning og når revisorgodkjent prosjektrekneskap, inkludert godkjende timelister, ligg føre. Løyvinga blir i tillegg ytt med ordinære vilkår, slik dei går fram av «Standard utbetalingsvilkår».
5. Prosjektet blir oppmoda til å ha god dialog med dagleg leiar og Visit Setesdal i arbeidet med å styrkje Setesdal som reisemålsdestinasjon.

Saksprotokoll i Setesdal interkommunalt politisk råd - styre - 05.02.2025

Handsaming:

Margit Dale bad styret vurdere sin habilitet då ho tidlegare har vore talsperson for å fremje Bleka som råvare. Har ikkje noko økonomisk interesse eller avtale med søkjar.

Margit Dale vart samrøystes funne gild til å handsame saka.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

1. Styret i Setesdal IPR løyver inntil kr 750 000,- til Fyri Fish AS til prosjektet «Bleka som global merkevare».
2. Løyvinga blir ytt frå regionalt næringsfond med kr 253 615,- frå fond RNF (2024) 55608112 og kr 496 385,- frå regionalt næringsfond, ansvar 20007, pro 80000. Fondet består av rådets egne midlar og rammeløyving frå Agder fylkeskommune.
3. Løyvinga blir gitt med atterhald om at alle nødvendige løyve og godkjenningar blir gjevne.

4. Utbetaling skjer etter anmodning og når revisorgodkjent prosjektrekneskap, inkludert godkjende timelister, ligg føre. Løyvinga blir i tillegg ytt med ordinære vilkår, slik dei går fram av «Standard utbetalingsvilkår».

5. Prosjektet blir oppmoda til å ha god dialog med dagleg leiar og Visit Setesdal i arbeidet med å styrkje Setesdal som reisemålsdestinasjon.

PS 13/25 Svar på søknad om tilskot til utvikling av Rescue3 Norge

Dagleg leiar tilrår:

1. Styret i Setesdal IPR løyver Rescue3 Norge inntil kr 200 000,- til utvikling av
2. Midlane vert henta frå fond RNF (2024) 55608112. Fondet består av rådets egne middel og rammeløyving frå Agder fylkeskommune.
3. Løyvinga blir ytt med ordinære vilkår, slik dei går fram av «Standard utbetalingsvilkår».

Saksprotokoll i Setesdal interkommunalt politisk råd - styre - 05.02.2025

Handsaming:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

1. Styret i Setesdal IPR løyver Rescue3 Norge inntil kr 200 000,- til utvikling.
2. Midlane vert henta frå fond RNF (2024) 55608112. Fondet består av rådets egne middel og rammeløyving frå Agder fylkeskommune.
3. Løyvinga blir ytt med ordinære vilkår, slik dei går fram av «Standard utbetalingsvilkår».

PS 14/25 Søknad om tilskot til produksjon av "Setesdal, den levande arven" del 2

Dagleg leiar tilrår:

1. Styret i Setesdal interkommunalt politisk råd løyver kr 120 000,- til Landmark film AS for å avslutte filmprosjektet «Setesdal - Den levande arven». Midlane hentast frå 55608052 _Ledige midlar.
2. Inntil 50% av løyvinga kan utbetalast ved mottak av utbetalingsoppmoding, medan full utbetaling skjer når prosjektet er ferdig, og med bakgrunn i prosjektrekneskap og - rapport.

Saksprotokoll i Setesdal interkommunalt politisk råd - styre - 05.02.2025

Handsaming:

Margit Dale bad styret vurdere hennar habilitet då ho er med som programleiar i programserien, og er gift med Frode Verpe som deltek med tekst og research. Margit Dale vart samrøystes funne ugild til å handsame saka og forlot plassen.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

1. Styret i Setesdal interkommunalt politisk råd løyver kr 120 000,- til Landmark film AS for å avslutte filmprosjektet «Setesdal - Den levande arven». Midlane hentast frå 55608052 _Ledige midlar.
2. Inntil 50% av løyvinga kan utbetalast ved mottak av utbetalingsoppmoding, medan full utbetaling skjer når prosjektet er ferdig, og med bakgrunn i prosjektrekneskap og - rapport.

PS 15/25 Svar på søknad om støtte til innleigd mediekompetanse - SKI-NM

Dagleg leiar tilrår:

Søknaden om kr. 100 000,- i tilskot til innleigd kompetanse, ski-NM 2025 vert avslått.

Saksprotokoll i Setesdal interkommunalt politisk råd - styre - 05.02.2025

Handsaming:

Framlegg frå Hans Blattmann:

Søknaden om kr. 100 000,- i tilskot til innleigd kompetanse, ski-NM 2025 vert innvilga.

Finansiering: Fond 55608052_Ledige midlar

Røysting:

Framlegget frå Hans Blattmann fekk 7 røyster frå Hans Blattmann, Anne Merethe Hjemdal, Lars Tarald Myrum, Margit Dale, Runar Granheim, Vigdeis Beisland og Grethe Nygaard. Tilrådinga fekk 3 røyster frå Inger Lise Lund Stulien, Jan Stangvik og Morten Haraldstad.

Vedtak:

Søknaden om kr. 100 000,- i tilskot til innleigd kompetanse, ski-NM 2025 vert innvilga.

Finansiering: Fond 55608052_Ledige midlar

PS 16/25 Svar på søknad om tilskott til kjøp av statuen av Bjørgulv og stuten

Dagleg leiar tilrår:

Styret i Setesdal IPR avslår søknaden om kr 300 000,- i tilskot til kjøp av statuen «Bjørgulv og stuten».

Handsaming:

Framlegg frå Hans Blattmann:

Saka vert utsett til neste styremøte.

Framlegget frå Hans Blattmann fekk ei røyst frå Hans Blattmann og saka skal handsamast.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Styret i Setesdal IPR avslår søknaden om kr 300 000,- i tilskot til kjøp av statuen «Bjørgulv og stuten».

PS 17/25 Oppfølging av sluttrapport - gjennomgang av strategi

Dagleg leiar tilrår:

Styret i Setesdal IPR ber arbeidsutvalet utarbeide framlegg til vidare prosess. Framlegget vert klart til styremøte 2. april 2025.

Handsaming:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Styret i Setesdal IPR ber arbeidsutvalet utarbeide framlegg til vidare prosess. Framlegget vert klart til styremøte 2. april 2025.